

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 43

Fylke: Nord-Trøndelag

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Otterøy

Emne: Ting til legedom og
vern mot sjukdom

Bygdelag: Otterøy

Oppskr. av: Johs. Ekker

Gard: Engjesvikja

(adresse): Fosslandsosen

G.nr. 19

Br.nr. 1

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Ja

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

- SVAR
- Eg tviler ikkje på at dei ting som her er omhandla også i si tid har vori i bruk her, men no finst det ikkje tradisjon om det, for den tida ligg så langt attende. Svara frå meg må difor diverre bli negative..
1. Har høyrd snakk om det, men veit ikkje meir.
 2. Har høyrd snakk om giktringar, men veit ikkje meir om dei.
 3. Ventelig gjennom annonser, omførselshandlarar eller folk som brukte dei.
 4. Kjenner ikkje til det, men ventelig ved eddik eller anna syre.
 5. Har ikkje høyrd om det.
 6. Heller ikkje.
 7. Fell bort.
 8. Veit ikkje.
 9. Heller ikkje.
 10. Belter av sink- og kopparplatar som vart lagt i eddik og bori på kroppen har høyrd om og sett, men det er lenge sia. Eg synest hugse at det var sink- og kopparplater hekta saman til ~~ei~~ kjeda.
 11. Giktkjede.
 12. Sjå 10. Den første eg høyrde om vart brukt av ei da yngre kvinne i 1880-åra. Ho hadde visst betalt millom 20 og 30 kr. for a, hadde fått i a av ei anna kvinne som førxt hadde kjøpt a og visstnok betalt det same. Nokre år etter kjøpte ei anna kvinne som eg kjente, og som var plaga av nervesmertar, seg ei giktkjede. Prisen på denne stod visst heller ikkje i tilhøve til stoffet ho var laga av.
 13. Det trur eg dei gjorde, men veit ikkje noko om det.
 14. Eg trur det berre er ein eller 2 gonger eg har sett menn med øyreringar, men eg har ikkje meining om ka det skulle vera for. Ventelig mot ein eller annan slags sjukdom. Veit ikkje meir om det.
 15. Veit berre at dei var stukki gjennom eit hol i ø//øyrelappen.
 16. Det veit eg ikkje.
 17. Ein liten gut på nabogården, kanskje kring 10 år yngre enn eg, hadde ein blyring i eine øyrlappen. Eg spurde den eldre bror hans kofor han hadde det. Han sa det var for han hadde vondt i augo. Augo hans var nokså vassne å sjå til. Han døyde ellest i difteri som liten.
 18. ???/

Emnenr. 43.

19. Kvinner hadde vel helst øyreringar som stas. Eg hugsar ei tenesttåus hos oss med eg var i 6-7-årsalderen, som skulle ha innsett øyreringar. Det var ein mann som stakk med ein syl gjennom øyrelappen og trådde ringen inn. Eg tykte det var stygt, for det blødde så, men ho let ikkje i seg. Det var visst dobber i ringane(?)
20. Eg trur eg har høyrd at det skulle vera bra å ha eit stykke rå potet i lomma.
21. Eg kjem ikkje på noko.
22. Eg har kanskje høyrd eit slikt samnamn, men kan ikkje no koma på det.

Eg bed årsaka at eg snudde blåpapiret galt, så det vart ikkje nokon gjenpart denne gongen.

3/3 - 1954,